

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for opplæring og kompetanse</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte, fellesmøte med yrkesopplæringsnemnda fram til kl. 10:45.
<b>Dato:</b>	16.03.2021
<b>Tid:</b>	08:30 - 13:50

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A frå kl. 9:30
Nina Bognøy	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A
Svein Halleraker	Medlem	H, frå kl. 8:40
Sonja M. Øvre-Flo	Medlem	H, til kl. 12:00
John Andre Kongsvik	Medlem	H perm kl.10-11.
Nils Haugland	Medlem	FNB
Rosalind Fosse	Medlem	FrP
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Reksnes	Medlem	SP
Jeanette Syversen	Medlem	R
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H, forfall frå kl. 12.00.

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Ingen vara møte.		

**Merknader**

Fellesmøte med Yrkesopplæringsnemnda fram til kl. 10:45

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Kenth Rune Måren Teigen	Seksjonsleiar, kvalitet i opplæringa
Merethe Helland Nordnæs	Spesialrådgjevar/møtesekretær

## Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 6/21 GK 7/21	Godkjenning innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 17.02.2021	2019/130	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 8/21	Tidsplan - politiske saker i hovudutval for opplæring og kompetanse 2021	2021/2704	
RS 9/21	Skulefrukostordning - oppfølging og forskingsprosjekt	2021/2704	
RS 10/21	Økonomiplan 2021 (VP5) Auka gjennomføring - fleire ut i lære	2021/2704	
RS 11/21	Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland	2021/5942	
RS 12/21	Tiltaksmidlar - Covid-19	2021/2704	
RS 13/21	Fagbrev på jobb I Vestland	2021/5963	
RS 14/21	Krafttak for psykisk helse	2021/5992	
RS 15/21	Mandat for arbeidsgruppe i arbeidet med å utarbeide plan mot hatkriminalitet og radikalisering i Vestland	2021/6025	
RS 16/21	Busetjing av flyktingar i Vestland	2020/52326	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 3/21	Spørsmål frå Rasmussen (A) - Miljøarbeidar vidaregåande skole	2020/38206	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 16/21	Flyfagtilbod i Trøndelag	2021/5823	
PS 17/21	Internasjonalt samarbeid for kvalitet og profesjonsutvikling i opplæringssektoren	2021/3685	
PS 18/21	Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland		

## Godkjenningssaker

### GK 6/21 Godkjenning innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021

Møteleiar sette fram forslag om at sak PS 16/21 «Flyfagtilbod i Trøndelag» vert utsett.

Det vart vist til kommunelova § 11-3 4. ledd.

#### Avrøysting til utsetjing:

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å utsette sak PS 16/21 «Flyfagtilbod i Trøndelag».

**Sigurd Reksnes, SP**, sette fram forslag om å gjere RS sak 11/21 «Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i vestland» om til ei politisk sak.

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Sak sett på sakskartet i møtet:

PS 18/21 «Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland».

#### Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknadane ovanfor.

#### Orientering/fellesmøte:

Tidsplan		Tema	
08:30		Møtestart	
08:40 - 09:10		Presentasjon av søkjartal, grunnlag og utfordringar i justering av opplæringstilbodet	
09:10 - 09:20		Leiar av Y- nemnda (og ev representant frå oppl.knt.) presenterer sitt perspektiv	
09:20 - 10:00		Drøftingar i plenum/ spørsmål+ beinstrekk før neste post	
10:00 - 10:10		Status fagbrev på jobb i Vestland fylkeskommune	
10:10 - 10:30		Samarbeid med NAV - ulike samarbeidsområde	
<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>		<b>Hovudutval opplæring og kompetanse</b>	
10:45 - 11:15	Drøfting mellom Y-nemnd og repr frå opplæringskontor om fagbrev på jobb	10:45 - 12:00	Drøftar innretning på kvalitetsmelding
11:15	Sakshandsaming	12:00 - 12:30	Lunsj
		12:30	Sakshandsaming

#### Representanten John Andre Kongsvik (H) stilte følgjande munnlege spørsmål:

*«Bakgrunn: Årets russetid henger i en tynn tråd i takt med både smittetall og ukjent tempo på vaksinerings. I Oslo går man mot å utsette russetiden til etter 17.mai for å sikre russen en bedre og tryggere feiring.»*

**Spørsmål:**

1. *Hvordan vurderer fylkesdirektøren muligheten for å flytte russetiden til etter 17.mai for å sikre en bedre og tryggere russetid gitt smittesituasjonen?*
2. *Hvordan jobber fylkesdirektøren og administrasjonen fremover for å sikre en tryggest mulig feiring for russen et generelt grunnlag?*
3. *Hvis russetiden flyttes til etter 17.mai, vil fylkesdirektøren ta initiativ for å arrangere russetiden på et senere tidspunkt i hele landet på permanent basis?»*

Spørsmålet kom inn etter fristen, og vart svara ut munnleg i møtet.

**GK 7/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 17.02.2021****Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

I sak PS 15/21 «Krafttak for psykisk helse» var heile hovudutval for opplæring og kompetanse forslagsstillar.

**Vedtak**

Møteboka frå møte den 17.02.2021 vart godkjent med merknaden ovanfor.

**Referatsaker****RS 8/21 Tidsplan - politiske saker i hovudutval for opplæring og kompetanse 2021****Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 8/21 vart referert.

**RS 9/21 Skulefrukostordning - oppfølging og forskingsprosjekt****Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 9/21 vart referert.

**RS 10/21 Økonomiplan 2021 (VP5) Auka gjennomføring - fleire ut i lære****Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 10/21 vart referert.

**RS 11/21 Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland****Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere saka om til ei politisk sak:

PS 18/21 Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland.

**RS 12/21 Tiltaksmidlar - Covid-19****Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 12/21 vart referert.

## **RS 13/21 Fagbrev på jobb I Vestland**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 13/21 vart referert.

## **RS 14/21 Krafttak for psykisk helse**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 14/21 vart referert.

## **RS 15/21 Mandat for arbeidsgruppe i arbeidet med å utarbeide plan mot hatkriminalitet og radikalisering i Vestland**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 15/21 vart referert.

## **RS 16/21 Busetjing av flyktningar i Vestland**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

RS 16/21 vart referert.

## **Skriftlege spørsmål**

### **SI 3/21 Spørsmål frå Rasmussen (A) - Miljøarbeidar vidaregåande skole**

#### **Svar på spørsmål frå Rasmussen (A) - Miljøarbeidar vidaregåande skule**

Representanten Rasmus Rasmussen, (Ap) har stilt følgjande spørsmål:

*«Over tid har det pågått en politisk diskusjon knyttet til miljøarbeidere de videregående skolene våre. Miljøkoordinatorane i gamle Sogn og Fjordane trekkes, med rette, frem som et svært positivt tiltak. Det gis inntrykk av at vi ikke har den samme kompetansen ved de videregående skolene i gamle Hordaland. Det er en virkelighetsbeskrivelse jeg ikke kjenner meg igjen i. Jeg ber derfor om at utvalget får en oversikt over hvilke yrkesgrupper som arbeider ved de ulike videregående skolene i gamle Hordaland, og hvordan det jobbes med ulike miljøtiltak ved de videregående skolene i gamle Hordaland.»*

Svar frå fylkesdirektør for opplæring og kompetanse:

Miljøkoordinatorane skal styrke skulane i arbeidet med elevane sitt skulemiljø etter Opplæringslova § 9a og bidra i det førebyggjande arbeidet. Ved dei vidaregåande skulane i tidlegare Sogn og fjordane har miljøkoordinatorane tre hovudarbeidsområde:

1. Førebyggjande arbeid
  - a. ta initiativ til og fremje tiltak som aukar trivsel og styrkar miljøet ved skulen
  - b. ha særleg søkelyset retta mot tiltak som motverkar mobbing, vald, rasisme og rusmiddelbruk
2. Kontaktskapande arbeid
  - a. skape best mogeleg kontakt mellom elevane og skulen
  - b. stimulere til aktiv deltaking i skulesamfunnet
  - c. stimulere til elevengasjement i opplæringa
3. Sosialpedagogisk arbeid
  - a. hjelpe elevar til å finne seg til rette på skulen

- b. yte hjelp til elevar som har personlege vanskar, sosiale vanskar

Kartlegginga som fylkesrådmannen gjorde til sak 143/20 «Heilskapleg psykososialt tilbod i vidaregåande opplæring» handsama i fylkestinget 15-16 desember 2020, viste at totalt 11 av 12 vidaregåande skular i tidlegare Sogn og Fjordane og 7 av 33 vidaregåande skular i tidlegare Hordaland har miljøkoordinator. Stillingsstorleiken varierar mellom 50% og 100%, avhengig av elevtalet på skulen.

Dei vidaregåande skulane i tidlegare Hordaland har ikkje øymerka ressurs til miljøkoordinator. Skulane i tidlegare Hordaland løyser difor oppgåvene som miljøkoordinatorane har ansvar for i tidlegare Sogn og fjordane på ulikt vis.

Fylkesdirektøren har gjennomført ei spørjeundersøking om kva for yrkesgrupper som arbeider med miljøtiltak ved dei vidaregåande skulane i tidlegare Hordaland. Svara syner at mange av skulane nyttar skuleleiinga til desse oppgåvene. Nokre av skulane har gitt ein av avdelingsleiarane særskilt ansvar for elevtenesta, medan andre skular trekk fram rådgjevarane som sentrale i dette arbeidet. Nokre skular har tilsett miljøarbeidarar med fagbrev som barne og ungdomsarbeidarar til oppgåver med elevane sitt skulemiljø etter Opplæringslova § 9a og det førebyggjande arbeidet. Fleire av skulane seier at miljøretta tiltak er ein del av lærarane sitt daglege arbeid og at arbeidet vert koordinert gjennom rektor og avdelingsleiarane.

## Politiske saker

### PS 16/21 Flyfagtilbod i Trøndelag

Forslag til innstilling

Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av landslinetilbod innan vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.

#### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.03.2021

Roger Pilskog, LO, sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett».

#### Avrøysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Saka vert utsett.

#### Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021

Karianne Torvanger, A, sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett»

#### Avrøysting

Torvanger sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Saka vert utsett.

## **PS 17/21 Internasjonalt samarbeid for kvalitet og profesjonsutvikling i opplæringssektoren**

Forslag til innstilling

1. Internasjonalt samarbeid skal vere eit verktøy for å auke kvaliteten og relevansen i opplæringa og bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, kulturforståing, erfaring og medansvar.
2. Internasjonalt samarbeid og interkulturell kompetanse skal vere ein integrert del av skulekvardagen og eit reelt tilbod til lærlingar i bedrift.
3. Prioriterte internasjonale aktivitetar i perioden 2021-25 vil vere:
  - Vidareføring og vidareutvikling av tilboda om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune.
  - Vidareføring av deltakinga i Erasmus+programmet og oppretthalde den høge aktiviteten.
  - Vidareføring og vidareutvikling av det nordiske samarbeidet.
  - Utgreiing av moglegheitene om internasjonalt samarbeid gjennom Norec.
  - Vidareføring av internasjonalt samarbeid internt i fylkeskommunen knytt til regional kompetanseutvikling.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.03.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Forslag til innstilling

1. Internasjonalt samarbeid skal vere eit verktøy for å auke kvaliteten og relevansen i opplæringa og bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, kulturforståing, erfaring og medansvar.
2. Internasjonalt samarbeid og interkulturell kompetanse skal vere ein integrert del av skulekvardagen og eit reelt tilbod til lærlingar i bedrift.
3. Prioriterte internasjonale aktivitetar i perioden 2021-25 vil vere:
  - Vidareføring og vidareutvikling av tilboda om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune.
  - Vidareføring av deltakinga i Erasmus+programmet og oppretthalde den høge aktiviteten.
  - Vidareføring og vidareutvikling av det nordiske samarbeidet.
  - Utgreiing av moglegheitene om internasjonalt samarbeid gjennom Norec.
  - Vidareføring av internasjonalt samarbeid internt i fylkeskommunen knytt til regional kompetanseutvikling.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

Det var 14 medlemmer tilstades.

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Internasjonalt samarbeid skal vere eit verktøy for å auke kvaliteten og relevansen i opplæringa og bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, kulturforståing, erfaring og medansvar.
2. Internasjonalt samarbeid og interkulturell kompetanse skal vere ein integrert del av skulekvardagen og eit reelt tilbod til lærlingar i bedrift.
3. Prioriterte internasjonale aktivitetar i perioden 2021-25 vil vere:

- Vidareføring og vidareutvikling av tilboda om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune.
- Vidareføring av deltakinga i Erasmus+programmet og oppretthalde den høge aktiviteten.
- Vidareføring og vidareutvikling av det nordiske samarbeidet.
- Utgreiing av moglegheitene om internasjonalt samarbeid gjennom Norec.
- Vidareføring av internasjonalt samarbeid internt i fylkeskommunen knytt til regional kompetanseutvikling.

## **PS 18/21 Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland**

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere RS sak 11/21 »Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland» om til politisk sak.

Det var 14 medlemmer tilstades.

**Sigurd Reksnes, SP**, sette på vegner av SP, A, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

Det vert oppnemnt saksordførar i saka.

### **Avrøysting**

Reksnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Det vert oppnemnt saksordførar i saka.